

# Selje prestegard

Informasjons- og dialogmøte i Selje

**16.10.2020**

**Gerd Fløde Bjørlo**

**Prosjektleiar Selje prestegard**



Stad kommune



Stad kommune

## Bakgrunn

---

- Kommunedelplan for kulturarven i Selje

Vedteken av Selje kommunestyre 9. oktober 2019:

*«Prestegarden i Selje eitt av dei utvalde kulturminna, med slikt aktuelt tiltak: Greie ut Prestegarden si rolle i utviklinga av Selje som framtidig pilegrimsstad, lokalitet for Selja kloster, formidling av Selja si kulturhistorie og formidling av reisemål i kommunen»*

## Konseptskissa «Kjelda»

Juni 2019: *Kommunestyret ber rådmannen gjere nødvendig førebuande arbeid til å fremje ei sak om organisering og oppstart av eit kloster- og pilgrimssenter i Selje i løpet av hausten 2019.*

Konseptskissa «Kjelda» blir utarbeidd der ein skisserer korleis ein på kort og lang sikt kan ivareta Selje si rolle som pilegrimstad og Selja som nøkkelstad langs Kystpilegrimsleia.



Stad kommune

# Prosjekt Selje prestegard

---

Selje valt som regionalt pilegrimssenter

Oppstart av forprosjekt Selje prestegard

Oktober 2019: Kommunestyret godkjende slikt forprosjekt:

*Del 1. «Greie ut kva som må til for å overta den freda prestegarden og etablere den som m.a. eit senter for pilegrimar. Korleis vi kan etablere ein møtestad der pilegrimane kan møte andre pilegrimar og få tilgang til rimeleg overnatting. Vi vil også greie ut korleis vi kan nytte dei mange bygningane på prestegarden til ulike formål, m.a serveringsstad, overnatting, utstillingar, konsertar og anna tilrettelegging som vil vere med å utvikle Selje (Stad) som reisemål. Korleis kan Selje vere eit naturleg stopp på reiseruta «frå Viking til Pilegrim».*



Stad kommune

# Prosjektleiing og prosjektgruppe

---

Prosjektansvarleg: Kommunalsjef Kristine Dahl

Prosjektleiar Gerd Fløde Bjørlo, dagleg leiar Selje regionale pilegrimssenter

Prosjektgruppe:

- Kyrkjeverje Kristen Hundeide
- Bjørgvin bd v/Gunn Helgesen
- Selje næringsforening v/Oddvar Flølo
- Venner av Selja v/Grete Fure
- Stad kommune v/Hanne-Marie Utvær
- Selja sjø v/Saron Osmundsvåg

I tillegg har vi knytt til oss Vestland fylkeskommune v/Arlen Bidne



Stad kommune

# Muligheitsstudie



Korleis kan vi skape ein levande prestegard som tek vare på fortida, men er tilgjengeleggjort for framtida?



Ei opa dør



# Selje preste gard

Regionalt pilegrimssenter Selje

Selje prestegard er ein varm, inkluderande stad der alle er velkomne inn, pilegrim som bygdefolk. Ein stad der du kjenner deg heime.

Av den grunn er logoen inspirert av den opne døra på hovudhuset.

## Selje prestegard

- Regionalt pilegrimssenter
- Kontor/mottak hovudhus
  - Leidgetakar
  - Vertskap

- 1. etasje i hovudhuset
- Kontor og mottakssenter
- Vertskap om ynskjer deg velkommen og formidlar informasjon og historia om staden
- Kvilestove med langbord slik at folk kan samlast, dele historier og planlegge ferda vidare.
- Her får du stempla pilegrimspasset
- Du finn også eit lite utsal med lokalproduserte suvenirar tufta på historia og sjela til staden
- Omvisning i prestegarden, på tunet og i hagen
- Utgangspunkt for ei kulturhistorisk vandring i sentrum, som avsluttast med ei vandring langs Seljesanden til ei opa kyrkje, slik bygdefolket også gjorde i tidlegare tider når dei skulle til kyrkja.
- Eigen krok med tilgang til internett



## Selje prestegard

Regionalt pilegrimssenter

- Kontor/mottak hovedhus
- Legetakar
- Vertskap

Pilegrimsovernatting

- 2. etasje i hovedhuset
- Enkel, rimeleg overnatting for pilegrimar og andre på reise
- Rolege, harmoniske rom
- Opne fellesareal og tekjøkken
- Tilgjengeleg og vennlig vertskap
- Lokalproduserte produkter (såpe, mat etc)
- Romma har fått namn etter prestar og prestefruer på garden
- Drift: samarbeid med kommersiell aktør



## Selje prestegard

Regionalt pilegrimssenter  
• Kontor/mottak hovudhus  
• Leigetakar  
• Vertskap

Pilegrimsovernattning  
Bakeri & kafé

### Prestelåna bakeri & kafé

- 1. etasje i hovudhuset
- Drift: samarbeid med kommersiell aktør
- Koseleg og lun stemning og alltid fyr i peisen
- Lukta av fersk bakst etter prestefrue Sara Colds oppskrifter fyller rommet
- Kortreist mat av lokale produsentar.
- Smak på eigenprodusert nypete og ripssaft frå hagen ,
- Salat frå eigen grønnsakshage og urter frå klosteret




## Selje prestegard

- Regionalt pilegrimssenter
  - Kontor/mottak hovedhus
  - Leidgetakar
  - Vertskap

- Pilegrimsovernattning
- Bakeri & kafé
- Litteraturstove
- Utstillingslokale

- 1. etasje i hovudhuset
- Klosterutstilling i påvente av kunnskapssenter
- Galleri for varierte utstillingar
- Engasjerande kunst som utfordrar og inspirerer fleire målgrupper, liten som stor, bygdefolk som tilreisande.
- «Tunoldsamlinga» Utstilling av Vestlandsmålaren Bernt Tunold som er fødd på prestegardsgrunn på Selja.
- Drift: Regionalt pilegrimssenter i samarbeid med relevant kompetanse



## Selje prestegard

- Regionalt pilegrimssenter
- Kontor/mottak hovudhus
  - Legetakar
  - Vertskap

- Pilegrimsovernattning
- Bakeri & kafé
- Litteraturstove
- Udstillingslokale
- Møtelokaler

- 1. etasje i hovudhuset
- Skulestova
- Utleige av møtelokaler til næringsliv, lag og organisasjonar, privatpersonar mm.
- Arrangement, workshops, undervisning for alle aldra med fokus på mangfald
- Kyrkjekaffi og samlingsstad for kyrkjelydsarbeid, speidarsamlingar, konfirmasjonsførebuing, ungdomskafè, dåp, gravferd
- Tilgang til enkelt kjøkken med sjølvbetjening.
- Drift: Regionalt pilegrimssenter



## Selje prestegard

- Regionalt pilegrimssenter
- Kontor/mottak hovudhus
  - Leigetakar
  - Vertskap


- Pilegrimsovernattning
- Bakeri & kafé
- Litteraturstove
- Utstillingslokale
- Møtelokaler
- Skrivarstove

- «Stilla» skrivarstove
- Opphaldsstad for forfattarar i kreative prosessar
- Enkelt innreia i opphavleg stil og materialval
- Sjel og historie i veggane inspirerer og skapar ro
- Borgstova
- Drift: Regionalt pilegrimssenter





- Urtehage frå klosteret
- Nyttevekstar
- Prydhage
- Ei vandring i den nydelege historiske rosehagen
- Dokumentering og informasjon av hagen opp gjennom tidene
- Syne fram samarbeidet mellom frivillige lag, skule og kommunen om å ta i vare og tilgjengeleggjere prestegardshagen
- Drift: Samarbeid frivillige lag, skule, kommune



## TILSTAND HOVUDBYGG

Basert på synfaring er evaluering utført av arkitekt Ingrid Tjåland Ødegård ved Nordplan AS avd. Nordfjordeid.

Hovdbyggs framstår velholdt mtp bygningsmassen. Når det gjeld planløysing og utforming av etasjene er det flere tersklar og ulike nivå på golv noko som vil gjøre det utfordrande mtp. Universell utforming.

Det er to trapper opp til andre etasje som er svært bratte, ei av dei har også utfordingar med låg himlingshøgde opp til skråtaket over og ein må bøye hovudet for å komme vidare.



# PRESTEBUSTAD HOVUDHUSET

SKRIVE AV:

ARKITEKT INGRID TJÅLAND ØDEGÅRD  
VED NORDPLAN AS AVD. NORDFJORDEID

BLÅMYRA

©2020

## Pluss:

- Krev lite endringar av bygningsmasse
- Fordel mtp. Fredningskravet av bygget brukast til det som det opphaveleg var tenkt til.

## Minus:

- Kun hovdbygget vert nytta.
- Kva skjer med dei andre freda bygningane på tunet?
- Vedlikehald av uteområdet blir ikkje alltid prioritert av beboarane då det krev ein del tid og ressursar.
- Bygget møter ikkje dagens bustadstandard.
- Lite tilgjengeleg for offentlegheita.

# KONTOR

SKRIVE AV:

ARKITEKT INGRID TJÅLAND ØDEGÅRD  
VED NORDPLAN AS AVD. NORDFJORDEID

## Pluss:

- Krev lite endringar av bygningsmassa.
- Fine rom som enkelt kan gjerast om til cellekontor og møterom.
- Krev lite endringar for å stette brannkrav.

## Minus:

- Det er ikke sikkert det er mogeleg å oppnå ventilasjonskrav for eit kontorbygg - må søke dispensasjon for dette kravet.
- Vanskeleg å stette krav om UU, burde minimum ha HCWC i plan 1, rullestolrampe og ramper mellom ulike golvnivå i plan 1.
- Korleis skal andre bygg på tunet nyttast?
- «Stel» brukarar frå andre kontorlokaler.
- Lite tilgjengeleg for offentlegheita.

# PILEGRIMS-OVERNATTING

SKRIVE AV:

ARKITEKT INGRID TJÅLAND ØDEGÅRD  
VED NORDPLAN AS AVD. NORDFJORDEID

BLÅMYRA

©2020

## Pluss:

- Soverom i plan 2 nyttast som soverom.
- Kjøken og oppholdsrom i plan 1 kan fortsatt nyttast som dei er, og har fine størrelser til bruken.
- Andre bygg på tunet kan nyttast som del av senteret (utstilling, museum, kafè, overnatting?)
- Historisk passar prestegarden veldig godt til føremålet.
- For pilegrimar vil det vere flott oppleving å få kome til og overnatt i den gamle ærverdige prestegården.
- Historisk viktige bygningar blir meir tilgjengelege for offentlegheita.
- Meir aktivitet i sentrum av Selje.
- Rom i plan 1 kan leggast ut/delast med foreiningar som kan bidra med dugnadsarbeid.

## Minus:

- Brannkrav: Mogeleg det kjem krav om ein rømmingsveg til( ikkje sikkert dette vert godkjent av Fylkeskommunen)
- Vanskeleg å oppnå krav om UU, burde minimum ha HCWC i plan 1, rullestolrampe og ramper mellom ulike golvnivå i plan 1.
- Heis/Lyfteplattform til plan 2? Eller søke dispensasjon frå UU-krav i plan 2.
- Krev fleire endringar. Blant anna minst eit bad til i plan 2. muligens fleire og HCWC i plan 1. Blir ståande tomt utanfor høgsesong.

# KAFÈ, GALLERI

SKRIVE AV:  
ARKITEKT INGRID TJÅLAND ØDEGÅRD  
VED NORDPLAN AS AVD. NORDFJORDEID

BLÅMYRA

©2020

## Pluss:

- Kjøkken og oppholdsrom i plan 1 kan fortsatt nyttast som dei er, og har store fine størrelsar til bruken (må vurdere bruk av kjøkken, ikkje sikkert dette passar til kafèdrift, men det kan sikkert nyttast som eit mindre kjøkken)
- Andre bygg på tunet kan nyttast som ein del av senteret (utstilling, museum, kafè, formidling, utstillingslokale for barn?)
- Historisk passar prestegarden godt til føremålet.
- Historisk viktige bygningar blir meir tilgjengelege for offentlegheita og kanskje vil særskilt pilegrimar sette pris på at pilegrimssenteret ligg i ein historisk prestegard.
- Meir aktivitet i sentrum av Selje.
- Prestegarden har mange spennande og varierte rom som vil vere ein fin bakgrunn for utstillingar og eit pilegrimssenter. Her vil også kjellaren kunne nyttast (om ein får disp. frå UU-kav) Ref: Bakketunet
- Ein kafé kan samarbeide med andre i Selje og få mat levert.
- Kan nyttast av pilegrimar og turistar i høgsesong og ha tilbod til lokalbefolkinga i lågsesong.

## Minus:

- Brannkrav/rømming: Mogeleg det kjem krav om ein rømmingsveg til (ikke sikkert dette vert godkjent av Fylkeskommunen. Kan ett. vurdere kva plan 2 skal brukast som for å få lågare krav.
- Vanskeleg å oppnå krav om UU, burde minimum ha HCWC i plan 1, rullestolrampe og ramper mellom ulike golvnivå i plan 1.
- Krev fleire endringar, med minst eit HWWC i plan 1.

# KUNNSKAPS- SENTER FOR SELJA KLOSTER

SKRIVE AV:  
ARKITEKT INGRID TJÅLAND ØDEGÅRD  
VED NORDPLAN AS AVD. NORDFJORDEID

BLÅMYRA

©2020

## Pluss:

- Kjøkken og oppholdsrom i plan 1 kan fortsatt nyttast som dei er og har fine størrelsar til bruken. Kjøkken nyttast anten til tilsette eller for begrensa servering.
- Andre bygg på tunet kan nyttast som del av senteret (utstilling, museum, kafé, overnatting, formidling, utstillingslokale for barn?)
- Historisk passar prestegarden godt til føremålet og ligg nær kaien der klosterbåten går til Selja.
- Historisk viktige bygningar blir meir tilgjengelege for offentlegheita.
- Meir aktivitet i sentrum av Selje.
- Prestegarden har mange spennande og varierte rom som vil vere ein fin bakgrunn for utstillingar og eit kunnskapssenter her vil også kjellaren kunne nyttast (om ein får disp. Frå UU-kråv)
- Ein evt. kafé kan samarbeide med andre aktørar i Selje og omegn og få maten levert.
- Kan nyttast av pilegrimar og turistar i høgsesong, og ha tilbod til lokalbefolkinga i lågsesong.

## Minus:

- Brannkrav/rømming: Mogeleg kjem det krav om ein rømmingsveg til (ikkje sikkert denne vert godkjend av Fylkeskommunen). Kan evt. vurdere kva plan 2 skal nyttast som for å få lågare krav.
- Vanskeleg å oppnå krav om UU, burde minimum ha HCWC i plan 1/rullestolrampe og ramper mellom ulike golvnivå i plan 1.
- Heis/lyfteplattform til plan 2? Eller søke om dispensasjon frå UU-kråv i plan 2.
- Krev fleire endringar. Blant anna minst eit bad til i plan 2, kanskje endå fleire. Samt HCWC i plan 1.



Stad kommune

# Sluttrapport frå prosjektgruppa

---

*Oppsummert så er ein positive til nytt liv i Prestegarden. Det er viktig at prestegarden kan framstå som det kulturminnet den er. Sentralt som den ligg i Selje sentrum, er ny bruk her ei mulighet for vidare utvikling av Selje sentrum og vil styrke Selje sin posisjon som nøkkelstad på kystpilegrimsleia, Stad som vertskommune for Selja kloster, formidling av kulturhistore og kyrkjehistorie og ikkje minst utgangspunkt for kulturhistoriske vandringar i eit historisk landskap.*



Stad kommune

## Politisk handsaming

---

Kommunaldirektøren si tilråding:

Hovudprosjekt Selje prestegard blir starta opp med mål å få drift i prestegarden frå våren 2021.



Regionalt pilegrimssenter Selje